


HJARTDAL HISTORIELAG

GLEDELEG OVERRAS- KING TIL JUL : NY HISTORISK BOK FRÅ HJARTDAL



Like før jul kom det ut ei ny lokalhistorisk bok som er svært interessant for vårt distrikt. Notoddenmannen Trygve Nes er forfatter av ei svært grundig og omfattande bok om stulsdrifta i Hjartdal. (Her meinst det bare bygda Hjartdal). Boka har fått tittelen "Med lokk og lur", og bør vere sjølvsagt i dei fleste heimar i Hjartdal og nabobygdene.

Boka er utgjeven på eige forlag, og har fått skikkeleg innbinding og bra teknisk standard. Truleg har vi her eit godt døme på korleis moderne EDB-utstyr kan vere til stor hjelp i lokalhistorisk arbeid.

Oversiktlege lister av ulike slag er viktige innslag i boka, tydelegvis laga av ein som beherskar dette utstyret.

Innhaldet i boka er svært omfattande. På 168 sider har vi først ein del generelle emne, som historisk oversikt over stulsdrifta, om husa, om livet på stulane osv. Deretter kjem hovuddelen av boka som er ein systematisk gjennomgang av kvart lang-heibeite innanfor Hjartdal sogn. Langheibeite er det samme som eit sommar- stulsområde.

Reine fakta og mange småsoger kjem i passeleg blanding, med greie kart og datalister for den som vil vere grundig i

lesinga. Og det blir ikkje kjedeleg trass i oppramsinga av store mengder fakta. Eit anna stort kapittel handlar om vår- og høst-stulane, som låg nærmare bygda. Mange av desse hadde fast busetnad i tidlegare tider. Og eit kart over desse, med ei utruleg stor mengde namn, gjer at vi skjønar at Hjartdal var det folkerikaste sognet i prestegjeldet tidlegare.

Mange segner og soger høyrer sjølvsagt til i ein slik sammanheng. Bjørnejakt og tussefolk er tema som går att. Det er med skriftlege bidrag frå ein del hjartdølar.

Dette er både i dikt og prosa, og gjer sitt til at boka blir enda meir variert og verdifull for den som set pris på å få dette stoffet samla og så lett tilgjengeleg.

Til slutt må vi nemne at boka er illustrert med teikningar av Gislaug Hartvedt i tillegg til ei stor mengde eldre fotografi.

Bare samlinga av desse må ha vore eit stort arbeid, og ein del bygdefolk har nok vore til god hjelp. Det minkar på folk som kjenner dette miljøet nå. Nes seier i forordet at arbeidet skulle vore gjort tidlegare. Det at det blei gjort nå er likevel viktigast. Hjartdal har framleis levande kjelder til denne delen av historia vår, og dei har blitt godt nytta i denne boka.

Sjølvs om det har vore liten reaksjon på det første kontaktbladet som kom ut, prøv vi med eit nytt nå. Den tekniske kvaliteten er i alle fall betre denne gongen. Dessutan har vi satsa mykje på å få trykt ei nesten ajour liste over kva laget har i samlinga si på biblioteket ved årsskiftet. Som vi skreiv sist, så ser vi gjerne at kven som helst som kan ha noko å bidra med kontaktar oss så at vi kan få ut fleire kontaktblad med meir og meir lokalt historisk stoff.

(På grunn av interesse frå mange nye medlemmer har vi her (i 1992) trykt oppatt kontaktblad nr.2. Vi har ikkje med lista over HHL-samlinga i denne nye utgåva, men viser til kontaktblad nr 6 Der ein får ei fullstendig liste over kva som finst nå.)

ERNA OLESON XAN 1898-1990



Trass i det greske etternamnet, så var Erna Oleson av 100% Sauland/ Gransheradslekt. Ho er mest kjent for å ha skreve boka "Wisconsin My Home" om livet til sin eigen familie frå røttene i Sauland og Hjartdal, gjennom utvandringa i 1860-åra, og livet i Wisconsin i USA.

Erna døydde i 1990 i Talahassee, Florida, der ho hadde levd dei siste åra. Ho var aktiv heilt til det siste, og ordna med rettighetane til omsetjing og bruk av "Wisconsin My Home" i samband med boka om utvandringa frå Hjartdalsbygdene.

HHL SEIER TAKK !

Frå Alf Mostue har vi mellom anna fått lov å kopiere hans maskinskrevne folketeljingslister frå 1865, 1875 og 1900 Dette har stor verdi for den som er interessert i å prøve seg på forskning i primærkjelder. Her slepp ein problemet med å tolke vanskelege gotiske handskrifter og kan konsentrere seg om å lese i dei tallause opplysningane som finst i desse listene. (Frå før har vi EDB-utskrifter av folketeljingane frå 1801, som også er svært greie å finne fram i) Alf Mostue har også skjenka oss mange timar med lydbandopptak av intervju med eldre Tuddølar. Desse er på vanlege kassettar og kan lånast i samlinga.

HHL SEIER TAKK !

På vidaregåande skule på Notodden har Anette Slaattun skreve ei svært omfattande og grundig særoppgåve om Fossegrenda i Sauland, med hovudvekt på stadnamna. Denne har vi fått kopiert til HHL-samlinga, der ho nå er til låns for medlemmene.

HHL SEIER TAKK !

Vi fekk stønad på 2000 kroner av kulturmidlane til Hjartdal Kommune 1990. Dette seier vi mange takk for. Bygdeboknemnda spanderte eit eksemplar av "Gard og ætt i Tuddal". Dette er eit nødvendig innslag i samlinga til laget, så vi seier også mange takk for den gåva.

NÅR BLIR FØRSTE BOKUTGJEVINGA FRÅ HJARTDAL HISTORIELAG ?

Det er hovudformålet med dei fleste lokale historielag å finne fram og spreie ut interessa og kunnskapen om historia til by og bygd. Dette kan gjerast på fleire måtar. Ein kan arrangere ulike slag samkomer, kurs og seminar. Ein kan gje ut mindre skrifter som dette kontakt-bladet, men historielag med respekt for seg sjølv gjev ut årbøker.

Telemark Historielag seier rett ut at årboka er sjølve bærebjelken i lagsdrifta, og lokale historielag som f.eks. Notodden og Tokke har gjeve ut eigne årbøker i fleire år.

For oss med 33 medlemmer er er det kanskje eit litt for høgt mål å gje ut ei bok kvart år, men kvifor ikkje samle det ein har og trykke det om det heller blir annankvart eller tredjekvart år eller med varierende mellomrom ?

Problemet er ikkje å få nok

stoff. Vi har alt nå nok upublisert stoff til å fylle eit par årsskrift av Notoddenskriftets omfang. Problemet er nok heller distribusjonen og økonomien. Kommunen og dermed markedet er i minste laget. Rett nok er produksjonskostnadane forholdsvis mindre nå enn tidlegare av di ein kan lage ei bok på det nærmaste ferdig sjølv ved hjelp av ein personleg datamaskin. Det vert heller eit spørsmål om tid og innsats frå den dugnadsgjengen som skal stå bak utgjevinga. Erfaringar seier at det går an og selje enkelt utstyrte bøker slik at i alle fall utgiftene blir dekt.

Sekretæren tek gjerne på seg å redigere ei slik bok, dersom nokon vil slutte opp om ideen og vere med på å dele på arbeidet med administrasjon, skriving, PR og distribusjon.

VINTERLESING FOR HISTORIEINTERESSERTE

Den som er interessert i bygdene våre på 1800-talet, bør lese livshistoria til Hans Sørensen Kjellidalen (1830-1901), Denne inneheld mykje slektshistorie, ein stor del om livet i Tuddal og ein del om kontakten med Amerika. Mellom anna skriv han om eit langvarig opphald i Amerika på sine eldre dagar.

Hans Kjellidalen må ha vore ualmindeleg god til å skrive for si tid. Vi bør prøve å få trykt heile denne historia ved ein anledning. (Kanskje i årbok) Foreløpig kan kopi av skrivet lånast hos historielaget.

VERV MEDLEMMER TIL H H L !

TELEFONNUMMER TIL HJARTDAL HISTORIELAG:

FORMANN: KJETIL FOSSE 23375
SEKRETÆR: LEIF SKOJE 23011

BILDE AV OMNESFOSSEN MÅLA AV HANS GUDE 1859



I ei bok om tømmerfløytinga i Telemarksvassdraget, utgjeven 1960-åra, står dette bildet trykt. Tittelen er "Foss i Telemarksvassdraget", men det er ikkje lett å oppdage kva for ein foss det eigentleg er. Bildet er nemleg trykt speglvendt. Det hadde vissnok noko å gjere med tidlegare tiders trykkemetodar.

Det kan sjå ut som om det er eit oljemaleri, sjølv om det er trykt i svart/kvitt i boka.

Her har vi avfotografert bildet og vendt det rette vegen, og dermed er landskapet lett kjenneleg.

Vi ser truleg kvernene til Omnesgardane til høgre, og Fosse eller Landsverk sine til venstre, der Heddal Mølle ligg i dag. Vi skimtar også husa på Skogen i bakgrunnen til venstre. Sjølve fossen er tydelegvis gjort større og mektigare enn han er i verkeleggheta. Dette har nok å gjere med

tidastil - nasjonalromantikken. Det storslagne og vakre i den norske naturen skulle framhevast og gjerne overdrivast. Gude var ein god representant for dette. Han er mest kjent for å ha måla landskapet i "Brudeferden i Hardanger", der Adolph Tidemand har måla personane i båten i framgrunnen. (Tidemand var også på målarferd i Sauland og Hjartdal? og teikna nokre av innbyggjarane her).

Problemet er at vi ikkje greier å finne ut kor Omnesfoss-målariet er å finne. Det kunne vore fint å få ei skikkeleg avfotografering av det i fargar.

Vi må få vite det dersom nokon kan ha ei aning om kvar det er. Gude-spesialisten Frode Haverkamp på Nasjonal-galleriet greidde ikkje finne det ut for oss.

Kanskje er det i privat eige ein stad i Telemark?